

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

NVE
Postboks 5091, Majorstuen
0301 Oslo

Dykkar ref.:
Saksnr. 201201139

Dykkar dato:

Vår ref.:
5.2-ffj/14-swb

Vår dato:
27.11.2014

Tilleggsmerknad ang. konsesjonssøknad for Gjengedal kraftverk

Me syner til vårt høyringsinnspel til konsesjonssøknad for Gjengedal kraftverk, ref. 5-ffj/14swb og til felles synfaring i samband med høyringa. Villreinnemnda ynskjer å kome med ein merknad om ein konsekvens av tiltaket som ikkje tidlegare er kome fram i saka.

Villreinnemnda hadde sitt årlege haustmøte 5. november 2014. Det vart her orientert om kor saka står, og om høyringa sin sluttsynfaring der nemnda var representert ved to medlemmar og sekretær. I haustmøtet reagerte nemndsmedlemmar på det som vart sagt om spørsmål stilt frå Sogn og Fjordane turlag v. Alvar Melvær under synfaringa. Melvær frykta at tiltaket ville gje dårleg våris slik at isen vart utrygg på eit langt tidlegare tidspunkt enn normalt. Det inneber at isen kan få overvatn og at vatna vert uråd å krysse allereie i april månad. Med erfaringar frå andre oppdemte vatn, også vatn med berre beskjeden oppdemming, er dette rimeleg å anta at kan skje. Fenomenet er ikkje problematisert i konsekvensutgreiinga, og ikkje nemnd som mogleg konsekvens for villrein. Nemnda var diverre heller ikkje merksame på dette i vår opphavlege uttale.

Både alternativ 1 og alternativ 2 inneber å regulere Dalevatnet. Det går eit vintertrekk over Dalevatnet som dyra nyttar for å krysse dalen. Det er kjent at simler sin tilkomst til kalvingslandet i Dalelia frå nord går nettopp over Dalevatnet. Trekket er m.a. dokumentert gjennom 5 reinskadaver drepne på staden av jerv midt på Dalevatnet i april månad på 80-talet. Kalvtunge simler på veg til kalvingsplassen vil verte avskore på trekket dersom Dalevatnet vert oppdemt og får dårleg våris. Ei slik frykt understøttast av funn som er gjort gjennom GPS merking av villrein. Forskarar har nyleg funne ein vesentleg forskjell på kryssing av våris der kraftmagasin har mykje lågare tal kryssingar enn naturlege vatn av same storleik (Panzacchi et al. 2014 og Panzacchi et al. *under revision*).

Me vil minne om det me seier i vår høyringsuttale om kalvingsområda som fryktast forstyrra: «*Lisidene aust for Dalevatnet og aust for Storevatnet er mykje nytta kalvingsområde, slik det og vert halde fram i konsekvensvurderinga for tiltaket. Det er tidlegare observert kalving heilt nede i Dalelia og arealet mellom vatna, i perioden før det vart bygd hytter på denne plassen. Særleg er vår- og forsommararbeite viktig i desse områda. Både bukkar og nokre simler med kalv nyttar seg av vår- og forsommararbeite i Risbotnen og austisda av Dalevatnet og på stølsvollar i Gjengedalen, også nedover langs elva frå Dalevatnet. Villreinnemnda fryktar varig reduksjon i tilgjengeleg beite gjennom auke i nivået av forstyrring. Særleg fryktar me at simler kan verte uroa, og vel å leite etter nytt kalvingsområde dersom dei søker Dalelia for kalving.*» Sjå vedlagt kart med utsnitt over dei to aktuelle vatna der kalvingslandet i lisidene og fjellområdet ovanfor er markert med skravur. Grå line markerar omtrentleg ytterkant av leveområde.

Dette momentet gjev ei vesentleg auke i alvorsgraden av den negative påverknaden tiltaket vil få for villrein. Me bed om at dette vert teke omsyn til i handsaminga av saka.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Med helsing villreinnemnda for Sogn og Fjordane

leiar

sekretariat

sign.

Astrid Eitrheim Lerum

Siri Wølneberg Bøthun

Kjelderreferansar: Panzacchi, M. Van Moorter, B. Gundersen, V. Jordhøy, P., Strand, O. 2014. Managing wildlife in a human dominated world or managing man into the wild? Experiences from the last remaining populations of wild mountain reindeer. *Hystrix: The Italian Journal of Mammalogy* (25): 3 - 2014

Manuela Panzacchi, Bram Van Moorter, Olav Strand, Marco Sarens, Ilkka Kivimäki, Colleen Cassady St. Clair, Ivar Herfindal, Luigi Boitani. *Under revision*, "Searching for the corridor - barrier continuum using Step Selection Functions and Randomized Shortest Paths". *Journal of Animal Ecology*

Kopi til:

Gloppen kommune

Naustdal kommune

Førdefjella villreinutval

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommune


Verneområdestyret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Miljødirektoraret

Klima og Miljødepartementet

Norsk villreinsenter, Nord

Villreintrådet



Utsnitt frå kartlegging av villreinsens leveområde (Bøthun 2012). Berre skravur for kalvingsland vert synt i figuren.

Sekretariatsadresse:
Siri Bøthun Naturforvaltning
Hovsgranden
6896 Fresvik
post@sbnatur.no / 975 14 784